





Vilja sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Vilja:



Vilja er snart 6 år og skal byrje på skulen snart! Vilja sin familie er pappa Stian, pappa Håkon og Vilja. Vilja ønsker nokre gongar at ho hadde ei søster, men det er også ganske fint at det berre er dei tre.

Mange lurer på korleis Vilja blei til når ho ikkje har ei mamma. Korleis kan to pappaer lage barn?

Pappaene til Vilja har fortalt at dei ønska seg barn saman heilt frå dei fann kvarandre og blei kjærastar, men for homofile menn er det ikkje heilt lett å få barn. Pappaene fekk låne magen til ei dame i eit anna land for å lage Vilja. I nokre land er det lov å låne andre sine magar dersom dama sjølv ønsker å låne den bort, men ikkje i Noreg, derfor er Vilja fødd i USA. Dama som fødte Vilja er ikkje Vilja sin mamma. Så Vilja har to pappaer og ingen mamma.

I barnehagen er det mange som spør Vilja og pappaene hennar om kven som er mammaen til Vilja, og om ikkje mammaen til Vilja snart skal hente i barnehagen. Vilja synest det er dumt at nokon ikkje forstår at ho ikkje treng ei mamma, og at det å ha to pappaer faktisk er heilt fint. Det er mange barn som ikkje har mamma! Og andre barn som ikkje har pappa. Det viktigaste er jo å ha foreldre som er glade i seg og passer på seg!

Bildet er frå bryllaupet til pappa og pappa i sommar. Vilja fekk vere brudepike og ha på seg nydeleg kvit kjole og blomsterkrans i håret. Dei gifta seg i kyrkja og etterpå var det stor fest. Vilja fekk vere med lenge, og etterpå blei ho med farmor og farfar heim på overnatting der. Det var ein kjempefin dag som Vilja likte veldig godt!

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.